



BETALT RETUR: Departementet slår fast at utanlandske borgarar i naud i Noreg, må få vurdert saka si individuelt, og få hjelp som p

# Tiggjarar kan truleg få betalt heimreise likevel

Departementet snur, kommunane kan få rekninga.



GERD TJELDFLÅT

Publisert 25.apr. 2016 05:24

Oppdatert 25.apr. 2016 06:00

Før jul nekta den dåverande arbeidsministeren å betale heimreise for pengelense, utanlandske tiggjarar. No seier hans departement at norske kommunar likevel kan bli sitjande igjen med rekninga.

Saka som brakte problemstillinga på banen, kom opp [i desember](#). [BT skreiv då om ein rumensk familie på seks, som ikkje fann arbeid i Noreg](#). Dei enda opp som tiggjarar, og ville heim.

Folk som er lovleg i Noreg, har rett på naudhjelp. Bergen kommune ville difor gi familien støtte til å dra til den rumenske ambassaden i Oslo. Der meinte kommunen at familien burde klare å skaffe hjelp, eller i alle fall få kontakt med familie i heimlandet.

Men fylkesmannen slo fast at denne familien hadde rett på å pengar til å reise heilt til Romania.

Fylkesmannen meiner det ikkje er gjort sannsynleg at familien har anna familie som kan hjelpe, eller vil få hjelp ved ambassaden sin.

- **Få heile bakgrunnen her: [Nav må betale tiggjarbillettar til Romania](#)**

## **Ba om presisering**

Etter at BT skreiv om saka kom dåverande arbeidsminister Robert Eriksson (Frp) [med ei heilt klar melding](#):

- Einkvar borgar som kjem til Norge for å ta seg arbeid, har ansvar for å forsørgje og finansiere seg sjølv. Har ein komme seg til Norge, får ein klare å komme seg heim igjen og, sa [han til BT](#).

Han la også til at han rekna med at fylkesmannen ville lese avisa, og ta signalet han sendte.

- **Les heile saka her: [Nektar å betale heimtur for tiggjarane](#)**

Fire månader seinare er tonen frå departementet ein litt annan.

For å få løyst striden mellom Bergen kommune og fylkesmannen, spurte sosialbyråd Erlend Horn (V) i Bergen nemleg om ei presisering av lova frå arbeids- og sosialdepartementet.

Svaret kom i form av eit brev der det heiter: «Vår vurdering er at det sentrale ved behandlingen av en søknad om økonomisk stønad fra en person som er i en nødssituasjon vil være å kartlegge hva nødssituasjonen består i og hvilken hjelp som skal til for å avhjelpe nødssituasjonen.»

BT har spurt om få ei meir utfyllande presisering, utan å få noko anna svar. Departementet vil heller ikkje kommentere sitatet frå Eriksson frå desember.

## **- Ullent svar**

Men [fylkesmannen](#) tolkar brevet frå departementet som at støtte til sitt syn.

Når det er avklart at ambassaden ikkje vil hjelpe, må kommunen bistå med støtte til å sende utanlandske borgarar i naud heilt heim, ikkje berre til Oslo, meiner fylkesmannen. Dette vil gjelde både turistar og borgarar frå EØS-land - til dømes tiggjarar.

- **Også arbeids- og velferdsdirektoratet har vurdert saken: [Tiggere kan få dekket hjembilett](#)**

Byråd Erlend Horn meiner departementet sitt svar er ullent. Kommunen meiner framleis det må vere greitt å sende folk til sin eigen ambassade i visse tilfelle.

- Eg syns ikkje departementet avklarar det viktigaste spørsmålet vårt: Skal me i naudsituasjonar alltid hjelpe folk tilbake til heimlandet? I så fall meiner eg staten må meir på banen, for då er det snakk om at heimland som ikkje hjelper sine innbyggjarar. Det må vere noko me som nasjon tar tak i. Me i Bergen kan ikkje drive utanrikspolitikk, seier han.

Men i brevet frå departementet kjem det tydeleg fram at staten ikkje har tenkt å ta meir ansvar. Det meiner Horn kan føre til store skilnader i korleis saker blir behandla. Det er dei ulike fylkesmennene rundt om i landet som vil ha siste ord.

- Sidan fylkesmannen her i Hordaland meiner det ikkje er greit å sende utanlandske borgarar til ambassaden, vil det kunne bli meir attraktivt å reise til Bergen enn andre byar for å tigge, seier Horn.

- **Les også: [Her får husløse en sårt savnet seng](#)**

## **Fryktar meir kriminalitet**

Horn har vore uroleg fordi han meiner det vil kunne komme mange saker der folk

ber om økonomisk støtte til returbilletten. Dette vil bli dyrt for kommunane.

Det er i Robin Hood-huset mange får hjelp til å søkje om støtte når dei kjem i naudsituasjonar.

Dagleg leiar Marcos Amano er glad for presiseringa om at alle skal få ei individuell vurdering av saka si, og meiner kommunen og staten bør tenke over kva som kan bli alternativet for menneske som treng hjelp.

- Det spørst om det er tenleg for samfunnet at folk strandar her, eller må ty til andre måtar å livnære seg på. Blir folk sett i ein vanskeleg nok situasjon, kan dei bli pressa til å ty til kriminelle eller andre uønska handlingar for å halde seg i live. Det kan vere alt frå svart arbeid, vinningskriminalitet til prostitusjon, sier han.

Amano seier Robin Hood-huset så langt i år har rettleia elleve menneske som ville ha hjelp til heimreise. Seks av desse var EØS-borgarar.

## Vil ha svar frå ministeren

BT har ikkje lukkast å få kommentar frå noverande arbeidsminister Aniken Hauglie (H) i denne saka.

Det synes sosialbyråd Erlend Horn er synd.

- Svaret frå departementet no er ullent. Ho må på bana, og avklare kva som er regjeringa sin politikk på feltet, seier han.

 2 KOMMENTARER

Laster kommentarfelt fra Disqus

▼ ANNONSE



SISTE FRA LOKALT



## Åpner eksklusivt hotell på Nøstet i dag



**Kvinnen (18) skal ha blitt voldtatt av en kunde forrige helg. Nå er to menn tatt for å ha vært halliken hennes.**



**Mann erkjenner å ha drept sin fraseparerte kone**



**Politiet har frigitt navnet på mannen som omkom i snøskred**



**Tid for å holde hodet kaldt**



**Politijakt på MC-fører i natt**

**Tiggarrar kan truleg få betalt heimreise likevel**



**Har millioner av følgere på Facebook**

Nyfødte

Fødselsdager

Brudepar

Bryllupsdag

+ Send Inn Hilsen



Cecilie & Marius Favnebøe ...  
👤 Vi har giftet oss



Eirin Hylland Kleppe og Fin...  
👤 Vi har giftet oss



Alida Steinsland og Jarle Be...  
👤 Bryllup



Madeleir  
👤 Bryllu



VIS MER >>

## KONTAKTINFORMASJON

---



### Ansvarlig redaktør:

Øyulf Hjertenes

### Reportasjesjef:

Helge O. Svela

### Vakthavende:

nyhetsweb@bt.no

### Adresse:

Krinkelkroken 1, Postboks 7240

5020 Bergen

## TIPS OSS

---

**SMS / MMS:** [2211](tel:2211)

**Tipstelefon:** [02211](tel:02211)

**Epost:** [2211@bt.no](mailto:2211@bt.no)

**Send oss bilder og video:** [2211.no](http://2211.no)

Bergens Tidende arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk.

## RSS

---

Nyheter

Lokalt

Utenriks

Bergenpuls

## KUNDESIDER

---

### Bli abonnent

Min side

Kundeportal

BT Fordel

Annonsering

